

Felles nattverd på institusjon

1 Institusjonen bær syta for å ha naudsynleg utstyr til nattverdhandlinga.

2 Den som skal forretta nattverd, bør på førehand så vidt mogeleg gje høve til sjelesørgjarsamtale og eventuelt einskildskriftemål.

3 Der det ikkje er eige kapell, skal eit høveleg bord gjerast i stand med kvit duk og ljøs, kross eller krusifiks, og dei naudsynlege kar vert sette fram.

4 Liturgen står helst bak altarbordet, vend mot dei som er med.

5 Liturgen ber til vanleg liturgisk drakt.

Ein nyttar følgjande ordning i fullstendig eller avkorta form.
Ledda med + bør vera med.

1 | Inngang

Handlinga tek til med salmesong.

+ Inngangsord

Anten A

L | Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Eller B

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Her kan følgja nokre innleiande ord til velkomst og orientering.

Syndsbekjennelse

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

A | Heilage Gud, himmelske Far.

Sja i nåde til meg, syndige menneske, som har såra deg med tankar, ord og gjerningar og kjenner den vonde hug i hjarta mitt.

**Før Jesu Kristi skuld
ha tol med meg.**

**Tilsjev meg alle mine synder,
og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.**

Eventuelt kan ein nytta av syndsvedkjenningane i ordninga Einskildskriftemål saman med absolusjonen i same ordninga.

Kollektbøn

Frå sundagen før eller ei anna bøn høver.

2 Forkynning av Guds ord

Tekstlesing

En nyttar ei lesing - frå sundagen føreller ein annan tekst som høver.

Truvedkjenning

L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

A | Eg trur på Gud Fader, den allmektige,

Som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,

Guds einborne Son, vår Herre,

som vart avla ved Den Heilage Ande,

fødd av Maria møy,

pint under Pontius Pilatus,

vart krossfest, døydde og vart gravlagd,

fór ned til dødsriket,

stod opp fra dei døde tredje dagen,

fór opp til himmelen,

sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,

skal koma att derifra

og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande,

ei heilag, allmenn kyrkje,

eit samfunn av dei heilage,

forlating for syndene,

oppstoda av lekamen og evig liv.

Amen.

DEN APOSTOLISKE TRUVEDKJENNINGA

+ Kort preike

Det skal alltid vera minst éi lesing frå Den heilage skrifta med preike/tekstutlegging og bøn.
Det kan syngjast ein salme før og/eller etter preika.

3 Samling om Herrens bord

Nattverdliturgien er frå Ordning for hovudgudsteneste - vedtatt av Kyrkjemøtet 2019.

Lovprising

Nattverdliturgien kan seiast fram av liturgen åleine.

L | Lyft dykkar hjarte.

M | Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

M | Det er verdig og rett.

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna det evige livet. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi óg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Eller en annen prefasjon fra «Gudstenestar».

Hellig

A | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom.

Hosianna i det høgste.

Velsigna vere han som kjem i Herrens namn.

Hosianna i det høgste.

+L | Oppstandne Herre og Frelsar, vi lovar og prisar ditt heilage namn, fordi du gav deg sjølv for våre synder. Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden. Gjev oss som kjem til ditt bord og vil ta imot din lekam og ditt blod, og at vi kan ta del i dette heilage måltidet med audmjuke og ærlege hjarte. Sameina oss med deg som greinene med vintreet, lær oss å elska kvarandre som du har elska oss, og gjev at vi ein gong kan samlast hjå deg i ditt fullkomne rike.

+ Herrens bonn

A | **Vår Far i himmelen!**

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

+ Herrens innsetjingsord

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød,

(liturgen tek disken)

takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et!

Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like

eins tok han begeret etter måltidet,

(liturgen tek kalken)

takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

Du Guds Lam

A | **Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.**

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

+ Nattverdsmåltidet

L kan seia:

Kom, for alt er gjort ferdig.

Ein kommunikant som har vondt for å svelgja, kan få eit stykke av brødet. Vinen kan liturgen gje med skei eller ved å dyppa brødet i vinen, så brød og vin vert gjevne saman.

Utdelingsorda lyder:

Dette er Jesu lekam.

Dette er Jesu blod.

eller

Kristi kropp, gjeven for deg.

Kristi blod, gjeve for deg.

Etter utdelinga seier liturgen:

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

Fred vere med dykk.

Avslutning av måltidet

L | Lat oss takka og be.

L | Vi takkar deg, himmelske Far, for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameine oss i din kjærleik og stadfesta i oss håpet om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.

M | Amen.

4 Utgang

+ Velsigning

L | Ta imot velsigninga.

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠

A | Amen.

Handlinga sluttar med salmesong.

I særlege tilfelle kan ein i staden nytta nokre av desse ledda i ordningane Forbøns gudsteneste eller Skriftemåls gudsteneste:

Anten A

Forbøns gudsteneste

- 1 Inngang
- 2 Tekstlesing
- 3 Preike
- 4 Truvedkjenning
- 6 Syndsvedkjenning
- 7 Forbøner
- 8 Takkebøn

Eller B

Skriftemåls gudsteneste

- 3 Tekstlesing
- 4 Skriftetale
- 7 Syndsvedkjenning
- 8 Ordet om binde- og løysemakta
- 9 Absolusjon
- 10 Takkebøn

Deretter som ledd 3 **Samling om Herrens bord.**

